



Det er lurt å stikka innom festivalkontoret og få løyst ut billetten i festivalpss, eller melda seg som frivillig.

Tysdag, onsdag og torsdag vert det ope Festidalen-kontor ved Spar Uskedalen. Opningstidene finn de i notis i spalta til høgre. På kontoret kan ein løyse ut festivalpasset, melda seg som frivillig, fylla ut verjeskjema, kjøpa merch som caps, solbriller, handlenett og t-skjorte. Dessutan kan ein få svar på spørsmål om det er noko ein lurar på.

Då eg var der i ettermiddag, var fleire innom Karoline Neset på kontoret og fikk utløyst festivalpassa sine.

- Det er veldig lurt å gjera det på førehand, for då slepp ein køståing ved inngangen, orienterte Karoline og la til at det var viktig at ein møter personleg opp og har med seg enten utskrift av billetten eller tilgang til den på e-posten på mobiltelefon. På grunn av kontrollen med aldersgrensa kan ein ikkje henta ut passet til andre.

Dersom ein skal ha med seg nokon under 18 år, kan ein fylla ut verjeskjema på kontoret. Dette også er lurt å få gjort på førehand.

Det går ikkje an å kjøpa billettar på kontoret. Det må gjerast via internett. Eg spør om det er fare for at dei kan verta utselde for billettar på førehand.

- Ja, det er selt veldig godt med billettar, langt meir enn på same tid i fjor så det er ikkje tull ein gong! Eg ville i alle fall ikkje teke sjansen på å venta og kjøpa i porten, avsluttar Karoline og tenkjer nok på at i fjor vart det utselt både fredag og lørdag.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.